

17. FEBRUAR 1939 BLEI EIDSBYGDA BONDEKVINNELAG STIFTA.  
Møtet blei halde hos A.P. Strømme. Fru Rypdal fra Tresfjord var med.  
Det var 21 som melde seg inn.

Første styret: Kristine Srømme , formann  
Hilda Norvik , nestformann  
Julie Eide , kasserar  
Johanna Lerheim , sekretær

Vara: Irene Friisvoll  
Emilie Ora  
Borghild Haukeberg  
Mathilde Eide

---

Medlemskontigenten var 50 øre  
Medlemsmøtene skulle vere på Eidsiva.  
Alle skulle ta med kopp, og oppvarminga skulle gå på omgang.  
Det skulle vere utlodning på enkelte møter.

Eitt av temaene på eitt av dei første møtene :kva kan ein bruke på brødskiva  
isadenfor sirup så det blir meir nærande.

Ein av dei første arbeidsoppgåvene var å skaffe midler til lasarettutstyr for  
kvinnenes arbeishjelp.  
Det blei samla inn 606 kroner.

6.april 1940 blei det første fylkesårsmøtet for Romsdal Bondkvinnelag arrangert  
på Eidsiva.

Tre dagar etter blei Noreg invadert av tyskarane.  
Lasarettutstyret dei hadde skaffa og sydd blei sendt til Setnesmoen.  
Det var utstyr til 36 senger.

Til den 20.januar 1941 blei det halde nokre møte, men så blei laget midlertidig  
nedlagt.

Det kom bestemmelser om at alle virksomme lag måtte meldes inn i N.S.

Den 28. Oktober 1945 blei laget tatt opp att med samme styre som før den  
midlertidige nedlegginga.

Det var : Johanna Lerheim , formann  
Hilda Norvik , nestformann  
Emilie Ora, kasserar  
( Irene Friisvold, sekretær )

Den 12.november var det festmøte på Eidsiva.

Eidsbygda strykemusikk skulle underhalde. Dei evakuerte frå Finnmark blei bedne.

8. 1946 mars var det basar til inntekt for hjelp til Finnmark.

I 1946 begynte dei å arbeide for opprusting og planting på kyrkjegarden.

I 1947 var medlemstalet 32. Og kontingensten var no 1 kr.

I 1948 var det kjolesømkurs med etterfølgjande fest med mannekengoppvisning og tablå. *Værkurs 2*

Og dei hadde basar til inntekt for roser til kyrkjegarden.

Rosene blei planta den 6.mai 1948 og etter den tid sette dei opp liste over kven som skulle kjøre hestmøkk på rosene kvar haust.

I 1949 starta arbeidet med å samle inn pengar til innkjøp av servise til gratis utlån for bygda.

Dei fekk inn 341 kr.

4. mars 1950 var det fest for å feire at bygda hadde fått strøm.

Første tida var det utloddning på møtene, i femtiåra var det ei tid innsamlingsbørse istaden, seinare blei det utlodning att, og det er det fortsatt. Resultat av utlodning på møtene den første tida : 3-4 kroner til 7-8 kroner. I femtiåra var det opptil 15 kr

I løpet av femtiåra steig kontingensten til 7 kr året.

Dei hadde fleire basarar til inntekt for :

Flyktningehjelpa,

hjelp til Finnmark,

bord til bedehuset

og dei heldt fram med å samle inn pengar og kjøpe inn meir servise og bestikk, selskapsbord til Eidsiva, (dette var eit samarbeid med husmorlaget),

kaffekjele til utlån,

kvinnenes nybrotsfond,

støtte til Hellandheimen,

gardiner til nyskolen (samarbeid med husmorlaget),

matter til kyrkja

og planter til nyskolen.

Saker som blei behandla på møtene i 40 og 50 åra :

Grønsakdyrkning,  
grønnsakretter,  
mjølkehygiene,  
arbeid mot skulesentralisering,  
vaksinasjon,  
flukta frå landbygda,  
saueklipping og ullsortering,  
bruke meir mager mat

Nyttårsaften 1953 blei kyrkja pynta med roser frå rosebeda rundt kyrkja.

1953 var det tur til Vengedalen.

I 1954 var det Bondestemne i Molde.

Eidsbygda Bondekvinnelag deltok og fletta 2 girlandere kvar på 15 meter.

Dei blei fletta av granbar og

dei blei brukt under opptoget i Molde

*Fleire frå EBK var med : Marit Klungnes,  
Liv Rødven, Herdis Skini m.fl.*

På fleire av møta blei det halde gjettekonkurransar,

To medlemmer fekk i oppdrag å lage underhaldning til neste møte.

Festmøte på Dalset 23. februar 1957

Først på 60 talet begynte dei å arbeide for å skaffe flomlys til kyrkja.

Dette blei eit samarbeid mellom fleire lag.

Det var ferdig og teke i bruk hausten 1963.

Dei skaffa midlar og sydde båreteppe til kyrkja, det var ferdig i 1966.

*Helsingar frå Steiger BKV.*

Dei hadde mange studieringar med ulike emne:

Blomsteroppsetting,

farger og tekstiler i heimen,

Lesering,

juledekorasjonskurs.

Dei arrangerte barnejuletrefest,

dei hadde fleire basarar til inntekt for bedehuset og skolen,

dei pynta kyrkja til hausttakkefest,

dei hadde turar til aldersheimen på Åfarnes,

og til Hellandheimen dit sende dei og julegåver,

Dei samla inn brukte tøy til Kenya  
 og dei selde U.N.I.C.E.F. kort,  
 dei sende bidrag til A.C.W.W. (internasjonalt hjelpefond for kvinner), og til  
 vennemynten.

Dei hadde fleire fellesmøte for bondekinnelaga i distriktet, då var møta oftest  
 på Gjerseth pensjonat.

Den 21. oktober 1969 blei 30årsjubileet feira  
 Kontingensten var no 13 kr.  
 Dei deltok i fleire fellesmøte for husflid.

Det var fleire diskusjonar om den nye odelslova, og meningane var delte.  
 Dei diskuterte og E.E.C. og hadde studiekurs.  
 Dei sende julegåver til sjømenn.  
 Dei hadde førsthjelpkurs.  
 Dei sende støtteerklæring for nærbutikkar.  
 Dei besøkte sjukeheimen i Isfjorden.  
 Dei registrerte gamle jordbruksredskap.  
 Dei hadde makrameekurs.  
 Dei starta med å sende pengar til eit fadderbarn i Hong Kong.

Dei hadde fleire basarar til inntekt for bedehuset og skolen.  
 Dei kjøpte inn blomstervasar og lysestakar, og orgel.  
 Dei kjøpte skap til serviset (det sto først på Bedehuset, og blei seinare flytta til  
 skolen.)  
 Dei støtta Leike og aktivitetsgruppa med pengar og basarar.  
 I 1973 sende dei støtte til Island etter vulkanutbrotet på Vestmannaeyar.

I 1974 var det 35 årsjubileum på Gjerset pensjonat.  
 I løpet av 70åra steig kontingensten til 40 kr.

I 1982 hadde vi vekkurs på skolen.  
 Kurs :Når garden skiftar eigar.  
 Gitarkurs.  
 Vi hadde trim ein gong i veka på skloen.  
 Kurs om tryggare gardsbruk for barn.  
 Vi var med på skiping av B.F.S. Bygdefolkets studieforbund.  
 Vi sende oppfordring mot pornografiske blad.  
 Vi protesterte på at biblioteket skulle leggjast ned  
 Vi hadde kurs om fosfathaldige vaskemiddel, og om sivilt beredskap.  
 Vi registrerte gamle brønner i bygda.  
 Kurs om Bygda vår, ditt ansvar.

*traktorkurs (80)*

Vi støtta Felsesarmeens barneheim på Tahiti.  
 Vi drøfta namneendring til Bygdekinnelag.  
 Vi protesterte på at banken skulle leggjast ned.  
 Seinare fekk vi overta ein del av bankinventaret.  
 Vi var med på innsamlingsaksjonen til Kvinner i den tredje verden.  
 Då hadde vi og Ulandsmarked med godt resultat.

Keth og Marie inviterte til kjempehyggeleg ostekveld på skolen.  
 Vi samla inntil løpar til våpenhuset i kyrkja.  
 Vi pussa opp langbenker frå Eidsiva til bruk på skolen.  
 Vi kjøpte sceneteppe ,duker og kaffetraktere til skolen.  
 Vi kjøpte trekningsapparat til utlån.  
 Vi besøkte aldersheimen på Åfarnes.  
 Vi hadde fleire fellesmøter saman med Rødven Bondekvinnelag

I 1989 feira vi 50 årsjubileum på skolen.  
 På slutten av 80åra var kontingensten 165kr.

I 1990 deltok vi i Romaniaaksjonen.  
 Basar for å pusse opp gamlebiblioteket.  
 Sende brev om å få behalde desentralisert skolestruktur.  
 29. juli 1991 deltok vi som aktører på Romsdalmuseets Olsoktilstelning.  
 Seinare hadde vi oppsummeringskveld der Bjørn Austigard deltok

Vi hadde lappeteknikk-kurs  
 og silkemålingskurs,  
 lefsebakingskurs ,  
 og Kurs "oss menneske imellom"

I 1993 deltok vi med å arrangere fylkesårsmøte i Isfjorden .  
 Vi hadde basar og laurdagskafe til inntekt for foldedør og bord og stolar til  
 skolen.( dette var i samarbeid med fleire)  
 Vi starta med å servere varm drikke og peparkaker i samband med  
 julegrantenning.  
 Etterkvart også med å skaffe juletre.

Vi heldt fram med å besøke Veøy helsecenter.  
 Vi skaffa oppslagstavle utafor butikken.  
 Vi arrangerte Norgesmarsjen Til inntekt for kreftsaken.  
 Vi deltok i aksjon " matpakke til 6. Klassingar."  
 Vi hadde fleire fellesmøte med Rødven,og deltok og i 60 årsjubileet der.  
 Vi hadde fleire turar rundt i fylket.  
 1995 Tur til Ona  
 1996 Tur til Bud

1997 Tur til Svinvika arboret og til Ålvundfjord

1998 Tur til Håholmen –som blei tur til Storholmen og Molde

1999 Tur til Kristiansund

Arrangerte Vi over 60.

”3/10 1998 blei namnet endra til Eidsbygda bygdekinnelag.

Vi planla å pusse opp og skaffe meir utstyr til kjøkkenet på skolen,  
dette skulle vi starte med i januar -----

4/12 førjulsmøte på skolen der alle kvinner i bygda var invitert.

To timer etter at vi gjekk ut av skolen sto den i lys lue.

Vi har arbeidd for oppbygging av skolen.

Vi har hatt basar til inntekt for Bedehuset.

Vi har diskutert genmat.

Og vi har planlagt 60årsfeiring.

No er kontingenten 260kr.